**Skuleeigar si eigenvurdering**

Standpunkt for norsk hovudmål ligg under snittet for landet med 0,5 poeng.
Eksamen vart avlyst grunna pandemien.

## 6.2. Engelsk

*Les meir om statistikken på udir.no (lenke)*

**Lokale mål**
Vi ønsker å ligge om lag på nivå med snittresultata for landet.

**Sykkylven kommune (EIER) | Engelsk standpunkt | Geografisk sammenligning**




Sykkylven kommune (EIER), Grunnskole, Engelsk standpunkt, Offentlig skole, Begge kjønn

*Kan innehalde data under publiseringsgrensa*

### Sykkylven kommune (EIER) | Engelsk skriftlig eksamen | Geografisk sammenligning

Det ble ikke avholdt eksamen skoleåret 2019-20 og 2020-21

Sykkylven kommune (EIER), Grunnskole, Engelsk skriftlig eksamen, Offentlig skole, Begge kjønn

---

**Skuleeigar si eigenvurdering**
Standpunkt i engelsk ligg omtrent på nivå (0,1 poeng under) med snittet for landet.
Eksamen vart avlyst grunna pandemien.

## 6.3. Matematikk

[*Les meir om statistikken på udir.no (lenke)*]

**Lokale mål**
Vi ønsker å ligge om lag på nivå med snittresultata for landet.

### Sykkylven kommune (EIER) | Matematikk standpunkt | Geografisk sammenligning




Sykkylven kommune (EIER), Grunnskole, Matematikk standpunkt, Offentlig skole, Begge kjønn

### Sykkylven kommune (EIER) | Matematikk skriftlig eksamen | Geografisk sammenligning

Det ble ikke avholdt eksamen skoleåret 2019-20 og 2020-21

Sykkylven kommune (EIER), Grunnskole, Matematikk skriftlig eksamen, Offentlig skole, Begge kjønn

---

**Skuleeigar eigenvurdering**
Standpunkt i matematikk ligg 0,2 poeng under snittet for landet.
Eksamen vart avlyst grunna pandemien.

## 6.4. Grunnskulepoeng

*Les meir om statistikken på udir.no (lenke)*

**Lokale mål**
Vi ønsker å ligge om lag på nivå med snittresultata for landet.

**Sykkylven kommune (EIER) | Grunnskolepoeng | Geografisk sammenligning**
Skoleårene 2019-20 og 2020-21 er grunnskolepoeng kun basert på standpunktkarakterer




Sykkylven kommune (EIER), Grunnskole, Grunnskolepoeng, Offentlig skole, Begge kjønn

**Skuleeigar si eigenvurdering**
Sykkylven ligg 1,4 poeng under landssnittet på grunnskulepoeng. Grunnskulepoenga er viktige når elevane skal søke seg inn på vidaregåande utdanningsløp. Det er vanskeleg å vite om dette er fordi standpunktkarakterar vert sett på eit strengare nivå i Sykkylven enn i Møre og Romsdal og landet (u/Oslo). Vanlegvis vil eksamen kunne gi litt meir grunnlag for å vurdere dette når ein ser på nivå på eksamen samanlikna med standpunkt.

Oversikt over grunnskulepoeng samanlikna med våre nabokommunar, fylket og landet (u/Oslo) dei tre siste åra:

| | **2019** | **2020** | **2021** |
|---|---|---|---|
| **Sykkylven** | 41,1 | 42,1 | 41,3 |
| **Stranda** | 41,1 | 42,6 | 42,7 |
| **Ålesund** | - | 43,7 | 43,1 |
| **Møre og Romsdal** | 41,9 | 43,1 | 42,9 |
| **Landet u/Oslo** | 41,7 | 42,9 | 43,0 |

# 7.Skulebidrag

Les mer om statistikken på udir.no (lenke)

**Lokale mål**
Vi ønsker at skulen sitt bidrag ligg på eller over landsgjennomsnittet, noko som betyr at verdien er på null-linja eller over.

## 7.1. Skulebidrag 1.-4. trinn

Skulebidragsindikatoren viser skulen sitt gjennomsnittlege bidrag til elevane sine samanlikna med landssnittet, når føresetnadane til elevane er tekne med. Dette betyr familiebakgrunn – målt ved foreldra si utdanning, hushaldsinntekt og eventuell innvanderbakgrunn.

Skule-/kommunebidraget tilsvarar dermed forskjellen mellom det dei gjennomsnittlege skalapoenga elevane faktisk oppnår på dei nasjonale prøvene og det snittet dei er forventa å oppnå dersom skulen / kommunen sitt bidrag er likt med landsgjennomsnittet.

Det er knytt usikkerheit knytt til estimert skulebidrag. Usikkerheita er knytt til to forhold: Spreiing i elevane sine resultat og talet på elevar bak det berekna skulebidraget. Stor spreiing i resultat og lavt tal på elevar i utvalet, aukar usikkerheita.

**Sykkylven kommune (EIER) | Skolebidrag 1.-4. trinn | Geografisk sammenligning**




Sykkylven kommune (EIER), Grunnskole, Skolebidrag, Offentlig skole, 1.-4. trinn

## 7.2. Skulebidrag 5.-7. trinn

Skulebidragsindikatoren viser skulen sitt gjennomsnittlege bidrag til elevane sine samanlikna med landssnittet, når føresetnadane til elevane er tekne med. Dette betyr familiebakgrunn – målt ved foreldra si utdanning, hushaldsinntekt og eventuell innvanderbakgrunn. For 5.-7. trinn er også resultat på nasjonale prøver i 5. trinn inkludert.

Dei gjennomsnittlege skalapoenga viser kor mange skalapoeng elevane på skulen oppnådde på nasjonale prøver på 5. trinn (indikatorar for 1.-4. trinn) eller 8. trinn (indikatorar for 5.-7. trinn) i dei to årgangane, og kva som er forventa gjennomsnittleg skalapoeng når ein tek omsyn til elevane sine føresetnader.

Skule-/kommunebidraget tilsvarar dermed forskjellen mellom det dei gjennomsnittlege skalapoenga elevane faktisk oppnår på dei nasjonale prøvene og det snittet dei er forventa å oppnå dersom skulen / kommunen sitt bidrag er likt med landsgjennomsnittet.

Det er knytt usikkerheit knytt til estimert skulebidrag. Usikkerheita er knytt til to forhold: Spreiing i elevane sine resultat og talet på elevar bak det berekna skulebidraget. Stor spreiing i resultat og lavt tal på elevar i utvalet, aukar usikkerheita.

**Sykkylven kommune (EIER) | Skolebidrag 5.-7. trinn | Geografisk sammenligning**




Sykkylven kommune (EIER), Grunnskole, Skolebidrag, Offentlig skole, 5.-7. trinn

## 7.3. Skulebidrag 8.-10. trinn

Skulebidragsindikatoren viser skulen sitt gjennomsnittlege bidrag til elevane sine samanlikna med landssnittet, når føresetnadane til elevane er tekne med. Dette betyr familiebakgrunn – målt ved foreldra si utdanning, hushaldsinntekt og eventuell innvanderbakgrunn. For 5.-7. trinn er også resultat på nasjonale prøver i 5. trinn inkludert.

Dei gjennomsnittlege skalapoenga viser kor mange skalapoeng elevane på skulen oppnådde på nasjonale prøver på 5. trinn (indikatorar for 1.-4. trinn) eller 8. trinn (indikatorar for 5.-7. trinn) i dei to årgangane, og kva som er forventa gjennomsnittleg skalapoeng når ein tek omsyn til elevane sine føresetnader.

Skule-/kommunebidraget tilsvarar dermed forskjellen mellom det dei gjennomsnittlege skalapoenga elevane faktisk oppnår på dei nasjonale prøvene og det snittet dei er forventa å oppnå dersom skulen / kommunen sitt bidrag er likt med landsgjennomsnittet.

Det er knytt usikkerheit knytt til estimert skulebidrag. Usikkerheita er knytt til to forhold: Spreiing i elevane sine resultat og talet på elevar bak det berekna skulebidraget. Stor spreiing i resultat og lavt tal på elevar i utvalet, aukar usikkerheita.

**Sykkylven kommune (EIER) | Skolebidrag 8.-10. trinn | Geografisk sammenligning**




Sykkylven kommune (EIER), Grunnskole, Skolebidrag, Offentlig skole, 8.-10. trinn

---

## Skuleeigar si eigenvurdering

For både 1.-4. trinn viser skulebidragsindikatoren at skulane har bidrege positivt til elevane sin progresjon når ein tek omsyn til deira føresetnader, og samanlikna med landet. Unntaket ser vi siste året, der kurva kjem under 0.

For 5.-7. trinn ligg indikatoren under 0 og har vore på -1,2 dei siste to åra det var berekna. Svake resultat på nasjonale prøver i spesielt lesing dei siste åra, er nok med å bidra til dette noko svake resultatet.

For 8.-10. trinn er nyaste tala frå 2018/2019 og gir dermed ikkje eit bilete av korleis det er i dag.

# 8. Gjennomføring

[Les meir om statistikken på udir.no (lenke)](#)

**Lokale mål**
Vi ønsker at alle grunnskuleelevane som er i stand til det, går over til og fullfører vidaregåande utdanningsløp etter 10. trinn.

### Overgangar fra grunnskule til VGO

| År | Sykkylven kommune (EIGAR) | Møre og Romsdal | Nasjonalt | KOSTRA-gruppe 01 |
|---|---|---|---|---|
| 2021 | * | 98,2 | 97,9 | 98,1 |
| 2020 | 100,0 | 98,8 | 98,2 | 98,1 |
| 2019 | * | 98,3 | 98,0 | - |
| 2018 | 100,0 | 97,8 | 98,0 | - |
| 2017 | 98,3 | 98,8 | 98,1 | - |

Sykkylven kommune (EIGAR), Grunnskule, Overganger, Begge kjønn

---

### Skuleeigar si eigenvurdering

For 2021 er resultatet skjerma, men vi ser at vi gjennom fleire år har hatt svært gode resultat her.

# 9. Foreldreundersøkinga

Hausten 2021 gjennomførte alle skulane Foreldreundersøkinga til Utdanningsdirektoratet (Udir). Det vart levert inn 544 svar totalt frå føresette i 1.-10. trinn, noko som gir ein svarprosent på ca. 36 prosent. Skalaen går frå 1-5 der 5 er eit godt resultat.

| **Motivasjon** | | |
|---|---|---|
| *Barnet mitt er interessert i å lære på skulen* | | |
| | **Heilt einig eller litt einig (%)** | **Snitt** |
| Nasjonalt | 91,3 | 4,5 |
| Sykkylven kommune | 90,9 | 4,5 |
| Aure skule | 71,9 (heilt) + * (litt) | 4,7 |
| Sørestranda skule | 90,7 | 4,4 |
| Ullavik skule | 93,3 | 4,6 |
| Vik skule | 97,2 | 4,7 |
| Sykkylven ungdomsskule | 86,5 | 4,3 |
| | | |
| *Barnet mitt likar skulearbeidet* | | |
| Nasjonalt | 76,9 | 3,9 |
| Sykkylven kommune | 74,7 | 3,9 |
| Aure skule | 78,2 | 4,0 |
| Sørestranda skule | 70,9 | 3,8 |
| Ullavik skule | 88,4 | 4,1 |
| Vik skule | 84,3 | 4,2 |
| Sykkylven ungdomsskule | 67,4 | 3,6 |
| | | |
| *Barnet mitt gleder seg til å gå på skulen* | | |
| Nasjonalt | 81,3 | 4,2 |
| Sykkylven kommune | 79,1 | 4,1 |
| Aure skule | 87,3 | 4,4 |
| Sørestranda skule | 76,5 | 4,0 |
| Ullavik skule | 89,9 | 4,4 |
| Vik skule | 81,7 | 4,2 |
| Sykkylven ungdomsskule | 73,0 | 3,9 |
| | | |
| **Støtte frå lærarane** | | |
| *Eg har inntrykk av at lærarane har positive forventningar til læring og utvikling for barnet mitt* | | |
| Nasjonalt | 90,1 | 4,6 |
| Sykkylven kommune | 89,6 | 4,5 |
| Aure skule | 82,1 (heilt) + * (litt) | 4,8 |
| Sørestranda skule | 84,7 | 4,5 |
| Ullavik skule | 96,6 | 4,7 |
| Vik skule | 95,7 | 4,7 |
| Sykkylven ungdomsskule | 84,9 | 4,4 |
| | | |
| *Eg har inntrykk av at lærarane behandlar barnet mitt med respekt* | | |
| Nasjonalt | 92,7 | 4,7 |
| Sykkylven kommune | 91,7 | 4,6 |
| Aure skule | 100,0 | 4,9 |
| Sørestranda skule | 89,7 | 4,6 |
| Ullavik skule | 97,7 | 4,8 |
| Vik skule | 93,0 | 4,7 |

| | | |
|---|---|---|
| Sykkylven ungdomsskule | 87,7 | 4,5 |
| | | |
| *Eg har inntrykk av at lærarane hjelper barnet mitt slik at han/ho forstår det som skal lærast* | | |
| Nasjonalt | 87,1 | 4,5 |
| Sykkylven kommune | 86,5 | 4,4 |
| Aure skule | 91,1 | 4,6 |
| Sørestranda skule | 87,7 | 4,5 |
| Ullavik skule | 93,1 | 4,6 |
| Vik skule | 90,1 | 4,6 |
| Sykkylven ungdomsskule | 81,1 | 4,1 |
| | | |
| **Arbeidsforhold og læring** | | |
| *Eg har inntrykk av at barnet mitt får nok faglege utfordringar på skulen* | | |
| Nasjonalt | 84,4 | 4,4 |
| Sykkylven kommune | 80,6 | 4,3 |
| Aure skule | 82,1 | 4,3 |
| Sørestranda skule | 79,6 | 4,3 |
| Ullavik skule | 83,1 | 4,3 |
| Vik skule | 87,3 | 4,5 |
| Sykkylven ungdomsskule | 77,2 | 4,2 |
| | | |
| *Eg har inntrykk av at lærarane sjekker at leksene er gjorde* | | |
| Nasjonalt | 72,0 | 4,3 |
| Sykkylven kommune | 68,8 | 4,2 |
| Aure skule | 85,7 | 4,7 |
| Sørestranda skule | 71,4 | 4,2 |
| Ullavik skule | 67,1 | 4,1 |
| Vik skule | 67,6 | 4,2 |
| Sykkylven ungdomsskule | 64,6 | 4,2 |
| | | |
| **Trygt miljø** | | |
| *Eg har inntrykk av at dei tilsette på skulen har klare forventningar til korleis elevane skal oppføre seg mot kvarandre* | | |
| Nasjonalt | 90,2 | 4,6 |
| Sykkylven kommune | 90,7 | 4,5 |
| Aure skule | 94,7 | 4,6 |
| Sørestranda skule | 90,8 | 4,4 |
| Ullavik skule | 97,7 | 4,7 |
| Vik skule | 90,1 | 4,4 |
| Sykkylven ungdomsskule | 87,2 | 4,5 |
| | | |
| *Eg har inntrykk av at dei tilsette reagerer når nokon seier eller gjer noko ubehageleg mot ein elev* | | |
| Nasjonalt | 77,9 | 4,3 |
| Sykkylven kommune | 76,1 | 4,2 |
| Aure skule | 85,7 | 4,3 |
| Sørestranda skule | 80,6 | 4,2 |
| Ullavik skule | 80,7 | 4,4 |
| Vik skule | 80,2 | 4,1 |
| Sykkylven ungdomsskule | 68,9 | 4,1 |
| | | |
| *Eg har inntrykk av at barnet mitt kan gjere feil, utan å bli gjort narr av i klassen* | | |
| Nasjonalt | 70,3 | 4,2 |
| Sykkylven kommune | 68,3 | 4,1 |

| | | |
|---|---|---|
| Aure skule | 73,2 | 4,3 |
| Sørestranda skule | 64,3 | 4,0 |
| Ullavik skule | 71,9 | 4,3 |
| Vik skule | 70,4 | 4,1 |
| Sykkylven ungdomsskule | 67,0 | 4,1 |
| | | |
| *Eg har inntrykk av at barnet mitt har nokre vaksne på skulen å prate med dersom han/ho har behov for det* | | |
| Nasjonalt | 85,6 | 4,5 |
| Sykkylven kommune | 84,0 | 4,4 |
| Aure skule | 82,1 | 4,4 |
| Sørestranda skule | 81,6 | 4,4 |
| Ullavik skule | 93,2 | 4,6 |
| Vik skule | 84,6 | 4,4 |
| Sykkylven ungdomsskule | 81,7 | 4,3 |

| | **Svært fornøgd, fornøgd eller ganske fornøgd (%)** | **Snitt** |
|---|---|---|
| *Er du fornøgd med skulehelsetenesta?* | | |
| Nasjonalt | 65,0 | 3,9 |
| Sykkylven kommune | 69,7 | 4,0 |
| Aure skule | *(svært) + 51,8 (fornøgd eller ganske fornøgd) | 3,9 |
| Sørestranda skule | 67,4 | 4,1 |
| Ullavik skule | 68,5 | 4,1 |
| Vik skule | 78,9 | 4,0 |
| Sykkylven ungdomsskule | 69,7 | 4,0 |

| **Informasjon frå skulen** | |
|---|---|
| *Eg får invitasjon til foreldremøte* | Snitt |
| Nasjonalt | 2,9 |
| Sykkylven kommune | 3,0 |
| Aure skule | 3,0 |
| Sørestranda skule | 2,9 |
| Ullavik skule | 3,0 |
| Vik skule | 2,9 |
| Sykkylven ungdomsskule | 3,1 |

| | **Heilt einig eller litt einig (%)** | **Snitt** |
|---|---|---|
| *Eg er fornøgd med innhaldet på foreldremøta* | | |
| Nasjonalt | 78,0 | 4,2 |
| Sykkylven kommune | 85,1 | 4,4 |
| Aure skule | 85,7 | 4,5 |
| Sørestranda skule | 80,6 | 4,4 |
| Ullavik skule | 92,2 | 4,5 |
| Vik skule | 87,3 | 4,4 |
| Sykkylven ungdomsskule | 83,4 | 4,3 |
| | | |
| *Eg er fornøgd med skulen sin informasjon om den faglege utviklinga til barnet mitt* | | |
| Nasjonalt | 80,6 | 4,2 |
| Sykkylven kommune | 81,9 | 4,2 |

| | | |
|---|---|---|
| Aure skule | 94,6 | 4,5 |
| Sørestranda skule | 79,6 | 4,3 |
| Ullavik skule | 89,8 | 4,5 |
| Vik skule | 81,4 | 4,3 |
| Sykkylven ungdomsskule | 76,9 | 4,0 |
| | | |
| *Eg er fornøgd med skulen sin informasjon om den sosiale utviklinga til barnet mitt* | | |
| Nasjonalt | 78,2 | 4,1 |
| Sykkylven kommune | 76,9 | 4,1 |
| Aure skule | 92,8 | 4,5 |
| Sørestranda skule | 76,6 | 4,2 |
| Ullavik skule | 88,8 | 4,4 |
| Vik skule | 87,3 | 4,4 |
| Sykkylven ungdomsskule | 65,3 | 3,8 |
| | | |
| *Eg finn den informasjonen eg treng på skulen si heimeside eller på skulen si digitale læringsplattform* | | |
| Nasjonalt | 70,5 | 4,0 |
| Sykkylven kommune | 60,6 | 3,8 |
| Aure skule | 48,2 | 3,6 |
| Sørestranda skule | 45,9 | 3,5 |
| Ullavik skule | 50,0 | 3,7 |
| Vik skule | 61,9 | 3,8 |
| Sykkylven ungdomsskule | 73,5 | 4,0 |
| | | |
| **Dialog og medverknad** | | |
| *Kommunikasjonen mellom heim og skule er god* | | |
| Nasjonalt | 86,2 | 4,4 |
| Sykkylven kommune | 84,1 | 4,3 |
| Aure skule | 92,9 | 4,5 |
| Sørestranda skule | 81,7 | 4,2 |
| Ullavik skule | 88,7 | 4,5 |
| Vik skule | 83,1 | 4,3 |
| Sykkylven ungdomsskule | 81,7 | 4,2 |
| | | |
| *Lærarane følgjer opp synspunkta mine om mitt barns læring og utvikling* | | |
| Nasjonalt | 75,6 | 4,3 |
| Sykkylven kommune | 72,8 | 4,2 |
| Aure skule | 81,8 | 4,5 |
| Sørestranda skule | 70,4 | 4,3 |
| Ullavik skule | 86,4 | 4,5 |
| Vik skule | 76,1 | 4,2 |
| Sykkylven ungdomsskule | 65,5 | 4,0 |
| | | |
| *Eg blir teken imot på ein god måte når eg kontaktar skulen* | | |
| Nasjonalt | 91,3 | 4,7 |
| Sykkylven kommune | 89,6 | 4,7 |
| Aure skule | 90,5 | 4,8 |
| Sørestranda skule | 86,7 | 4,7 |
| Ullavik skule | 83,1 (heilt) + *(litt) | 4,9 |
| Vik skule | 90,1 | 4,7 |
| Sykkylven ungdomsskule | 87,3 | 4,5 |
| | | |
| *Eg kan raskt få til eit møte med kontaktlæraren dersom eg har behov for det* | | |

| | | |
|---|---|---|
| Nasjonalt | 77,2 | 4,7 |
| Sykkylven kommune | 73,3 | 4,6 |
| Aure skule | 70,9(heilt)+ *(litt) | 4,8 |
| Sørestranda skule | 72,4 | 4,6 |
| Ullavik skule | 77,0 | 4,8 |
| Vik skule | 84,5 | 4,7 |
| Sykkylven ungdomsskule | 68,0 | 4,4 |
| | | |
| *Eg kan raskt få til eit møte med leiinga på skulen dersom eg har behov for det* | | |
| Nasjonalt | 52,4 | 4,4 |
| Sykkylven kommune | 45,4 | 4,1 |
| Aure skule | 43,6 | 4,5 |
| Sørestranda skule | 36,7 | 3,9 |
| Ullavik skule | 61,7 | 4,7 |
| Vik skule | 57,8 | 4,2 |
| Sykkylven ungdomsskule | 39,5 | 3,9 |
| | | |
| **Kjennskap og forventningar** | | |
| *Skulen har gjort meg kjent med mine rettar og plikter som forelder ut frå lovverket for skulen* | | |
| Nasjonalt | 67,7 | 4,0 |
| Sykkylven kommune | 54,7 | 3,8 |
| Aure skule | 57,2 | 4,0 |
| Sørestranda skule | 62,1 | 3,9 |
| Ullavik skule | 53,4 | 3,8 |
| Vik skule | 47,2 | 3,6 |
| Sykkylven ungdomsskule | 53,8 | 3,7 |
| | | |
| *Skulen har gjort meg kjent med kva tilpassa opplæring vil seie for barnet mitt* | | |
| Nasjonalt | 55,6 | 3,7 |
| Sykkylven kommune | 49,1 | 3,6 |
| Aure skule | 50,9 | 3,6 |
| Sørestranda skule | 57,7 | 3,8 |
| Ullavik skule | 46,0 | 3,6 |
| Vik skule | 43,7 | 3,5 |
| Sykkylven ungdomsskule | 47,8 | 3,5 |
| | | |
| *Skulen har gjort meg kjent med korleis eg kan fremje klager, og forklart saksgangen i klagesaker* | | |
| Nasjonalt | 44,8 | 3,4 |
| Sykkylven kommune | 30,6 | 3,0 |
| Aure skule | 21,8 | 2,8 |
| Sørestranda skule | 31,9 | 3,1 |
| Ullavik skule | 33,7 | 3,1 |
| Vik skule | 31,0 | 3,1 |
| Sykkylven ungdomsskule | 30,9 | 3,0 |
| | | |
| *Eg er kjend med kva forventningar skulen har til meg når det gjeld samarbeid med skulen* | | |
| Nasjonalt | 81,4 | 4,3 |
| Sykkylven kommune | 75,7 | 4,1 |
| Aure skule | 76,8 | 4,3 |
| Sørestranda skule | 77,3 | 4,2 |
| Ullavik skule | 76,4 | 4,2 |
| Vik skule | 72,8 | 4,1 |
| Sykkylven ungdomsskule | 75,4 | 4,0 |

| | | |
|---|---|---|
| *Som forelder kan eg gi tilbakemelding til lærarane og skulen utan frykt for at det skal gå ut over barnet mitt* | | |
| Nasjonalt | 84,8 | 4,6 |
| Sykkylven kommune | 79,1 | 4,4 |
| Aure skule | 85,7 | 4,6 |
| Sørestranda skule | 80,5 | 4,5 |
| Ullavik skule | 84,3 | 4,7 |
| Vik skule | 74,7 | 4,3 |
| Sykkylven ungdomsskule | 76,2 | 4,3 |
| | | |
| **Utviklingssamtalane** | | |
| *Eg er informert om kva som kan takast opp på utviklingssamtalane om barnet mitt* | | |
| Nasjonalt | 81,6 | 4,4 |
| Sykkylven kommune | 70,2 | 4,1 |
| Aure skule | 78,6 | 4,3 |
| Sørestranda skule | 69,4 | 4,1 |
| Ullavik skule | 82,1 | 4,4 |
| Vik skule | 77,4 | 4,3 |
| Sykkylven ungdomsskule | 61,6 | 3,9 |
| | | |
| *Eg og barnet mitt blir einige med kontaktlæraren om korleis barnet mitt skal følgjast opp, når det gjeld læring og utvikling* | | |
| Nasjonalt | 82,8 | 4,4 |
| Sykkylven kommune | 72,7 | 4,2 |
| Aure skule | 70,9 | 4,3 |
| Sørestranda skule | 64,3 | 4,2 |
| Ullavik skule | 78,7 | 4,4 |
| Vik skule | 80,3 | 4,3 |
| Sykkylven ungdomsskule | 72,0 | 4,1 |
| *Lærarane følgjer opp avtalar og avgjerder frå utviklingssamtalane* | | |
| Nasjonalt | 76,1 | 4,4 |
| Sykkylven kommune | 70,0 | 4,3 |
| Aure skule | 84,0 | 4,7 |
| Sørestranda skule | 68,4 | 4,3 |
| Ullavik skule | 77,6 | 4,5 |
| Vik skule | 73,2 | 4,5 |
| Sykkylven ungdomsskule | 63,4 | 4,1 |
| | | |
| *Eg følgjer opp avtalar og avgjerder frå utviklingssamtalane* | | |
| Nasjonalt | 90,8 | 4,6 |
| Sykkylven kommune | 82,7 | 4,5 |
| Aure skule | 94,7 | 4,8 |
| Sørestranda skule | 76,6 | 4,5 |
| Ullavik skule | 83,1 | 4,5 |
| Vik skule | 88,7 | 4,7 |
| Sykkylven ungdomsskule | 80,2 | 4,3 |
| | | |
| *Eg ønskjer fleire eller lengre utviklingssamtalar med kontaktlæraren* | | |
| Nasjonalt | 41,5 | 3,3 |
| Sykkylven kommune | 37,0 | 3,3 |
| Aure skule | 48,2 | 3,7 |
| Sørestranda skule | 33,7 | 3,1 |
| Ullavik skule | 38,2 | 3,3 |

| | | |
|---|---|---|
| Vik skule | 33,8 | 3,3 |
| Sykkylven ungdomsskule | 36,3 | 3,2 |
| | | |
| **Læring og utvikling** | | |
| *Barnet mitt har fått opplæring i tråd med sine evner og føresetnader i alle fag* | | |
| Nasjonalt | 74,7 | 4,1 |
| Sykkylven kommune | 72,5 | 4,0 |
| Aure skule | 80,3 | 4,1 |
| Sørestranda skule | 70,4 | 4,1 |
| Ullavik skule | 87,7 | 4,4 |
| Vik skule | 80,2 | 4,2 |
| Sykkylven ungdomsskule | 63,2 | 3,7 |
| | | |
| *Barnet mitt viser ei positiv fagleg utvikling på skulen* | | |
| Nasjonalt | 87,0 | 4,4 |
| Sykkylven kommune | 85,2 | 4,3 |
| Aure skule | 94,6 | 4,7 |
| Sørestranda skule | 87,8 | 4,4 |
| Ullavik skule | 96,6 | 4,7 |
| Vik skule | 88,6 | 4,4 |
| Sykkylven ungdomsskule | 76,4 | 4,0 |
| | | |
| *Dersom skulen oppdagar at barnet mitt har ei svak fagleg utvikling, får barnet mitt raskt ekstra støtte for å komme vidare* | | |
| Nasjonalt | 42,4 | 3,8 |
| Sykkylven kommune | 40,5 | 3,7 |
| Aure skule | 50,9 | 4,1 |
| Sørestranda skule | 38,7 | 3,8 |
| Ullavik skule | 54,5 | 4,2 |
| Vik skule | 39,5 | 3,6 |
| Sykkylven ungdomsskule | 33,7 | 3,3 |
| | | |
| **Læringsforholda på skulen** | | |
| *Eg har inntrykk av at skulen alltid set inn vikar, dersom læraren i klassa er borte* | | |
| Nasjonalt | 59,9 | 4,3 |
| Sykkylven kommune | 55,7 | 4,1 |
| Aure skule | 80,3 | 4,6 |
| Sørestranda skule | 59,2 | 4,3 |
| Ullavik skule | 57,9 | 4,3 |
| Vik skule | 59,2 | 4,1 |
| Sykkylven ungdomsskule | 26,0 | 3,8 |
| | | |
| *Eg har inntrykk av at lærarane som underviser i klassa, har tilstrekkeleg kompetanse til å gi god opplæring* | | |
| Nasjonalt | 81,4 | 4,4 |
| Sykkylven kommune | 81,9 | 4,4 |
| Aure skule | 92,9 | 4,7 |
| Sørestranda skule | 79,6 | 4,6 |
| Ullavik skule | 86,5 | 4,5 |
| Vik skule | 87,3 | 4,6 |
| Sykkylven ungdomsskule | 76,9 | 4,2 |
| | | |
| *Eg har inntrykk av at lærarane stimulerer læringslysta og nysgjerrigheita til barnet mitt* | | |
| Nasjonalt | 75,9 | 4,2 |

| | | |
|---|---|---|
| Sykkylven kommune | 74,8 | 4,2 |
| Aure skule | 87,5 | 4,5 |
| Sørestranda skule | 76,6 | 4,4 |
| Ullavik skule | 85,4 | 4,5 |
| Vik skule | 84,5 | 4,5 |
| Sykkylven ungdomsskule | 63,8 | 3,8 |
| | | |
| *Eg har inntrykk av at lærarane stimulerer evne til kritisk tenking hos barnet mitt* | | |
| Nasjonalt | 65,4 | 4,1 |
| Sykkylven kommune | 61,6 | 4,0 |
| Aure skule | 70,3 | 4,3 |
| Sørestranda skule | 56,0 | 4,0 |
| Ullavik skule | 68,6 | 4,1 |
| Vik skule | 68,1 | 4,3 |
| Sykkylven ungdomsskule | 57,2 | 3,8 |

## Skuleeigar si eigenvurdering

Område der Sykkylven totalt sett kjem 0,2 - 0,4 i snitt under nasjonalt nivå, er merka med orange farge. Kommentarar til desse felta:

- *Eg finn den informasjonen eg treng på skulen si heimeside eller på skulen si digitale læringsplattform*
  Tidlegare hadde skulane eiga heimeside, men barneskulane har avslutta desse og gått over til å bruke den kommunale heimesida. Ungdomsskulen har ei eiga heimeside. Dette er truleg forklaringa på at føresette ikkje føler dei finn informasjon dei treng på skulen si heimeside eller på læringsplattforma. Eit klart forbetringsområde for kommunen å legge til rette for meir informasjon på kvar enkelt skule sine sider.

- *Eg kan raskt få til eit møte med leiinga på skulen dersom eg har behov for det*
  Her har fleire i Sykkylven enn nasjonalt kryssa av i feltet «Veit ikkje» hhv. 37,9 / 34.9 %. Det er ikkje alle føresette som har behov for å møte leiinga utanom felles foreldremøter. Det er difor ikkje unaturleg at mange er usikker på om dei kan få til eit raskt møte ved behov. Men det er nok kanskje viktig at dette vert opplyst om på foreldremøta, slik at føresette lettare kan kome på å etterspørje dette ved behov. Så er det eit definisjonsspørsmål om kva som er «raskt».

- *Skulen har gjort meg kjent med mine rettar og plikter som forelder ut frå lovverket for skulen*
  Mykje av denne informasjonen står på kommunen si heimeside, men det er truleg mange som ikkje brukar denne sida aktivt. Elles vert det gitt meir generell informasjon på felles foreldremøte, og elles ved behov. Her har vi nok eit forbetringsområde i høve å gjere heimesida meir kjend.

- *Skulen har gjort meg kjent med korleis eg kan fremje klager, og forklart saksgangen i klagesaker*

Dette er eit punkt det er mest naturleg å forklare til føresette ved behov. Dvs. når det vert gitt signal om at dei ønsker å klage på noko, t.d. spesialundervising. I alle enkeltvedtak vert det lagt ved eit informasjonsskriv til føresette om deira rett til å klage, og korleis dei kan gå fram.

- *Eg er kjend med kva forventningar skulen har til meg når det gjeld samarbeid med skulen*
  Forventningsavklaringa er svært viktig for å sikre eit godt samarbeid og tett kontakt mellom heim og skule, spesielt når ting kan bli krevjande.
- *Som forelder kan eg gi tilbakemelding til lærarane og skulen utan frykt for at det skal gå ut over barnet mitt*
  «Veit ikkje» - svara for Sykkylven (8,0 %) ligg litt høgare enn for landet (4,9 %), og tyder på at det er noko usikkerheit rundt dette. 6,3 % svarar «litt ueinig» eller «ueinig», 6,7 % svarar «Korkje einig eller ueinig».

- *Eg er informert om kva som kan takast opp på utviklingssamtalane om barnet mitt*
  Det vert sendt ut invitasjon og informasjon om innhaldet i samtalen i forkant av møta. Men det er svært mogleg at det også vert tekne opp tema som ikkje er informert om i forkant. Det er sjølvsagt også lagt opp til at føresette sjølve kan kome med innspel i samtalen.

- *Eg og barnet mitt blir einige med kontaktlæraren om korleis barnet mitt skal følgjast opp, når det gjeld læring og utvikling*
  6 % av føresette svarar «litt ueinig» eller «ueinig» på dette, medan 7,2% svarar «veit ikkje». Dette er eit spørsmål som kanskje ein del føresette ikkje tenkjer over at dei kan ha innverknad på. Dei har tillit til at skulen og lærarane følgjer barnet deira opp på ein god måte. 14 % svarar difor «korkje einig eller ueinig» på dette spørsmålet.

- *Eg har inntrykk av at skulen alltid set inn vikar, dersom læraren i klassa er borte*
  Her vil det nok variere mellom skulane og klassene. I nokon klasser er det nok vaksne til at det ikkje vil vere behov for å setje inn ein vikar når fråveret er kortvarig. I andre klasser eller i høve enkeltelevar vil det kanskje vere heilt nødvendig å setje inn vikar. Ordet «alltid» i spørsmålet gir inntrykk av at det alltid skal setjast inn vikar, men dette er altså ikkje alltid nødvendig. Det er også eit ressursspørsmål i høve skulen sine økonomiske rammer og tilgangen på vikarar.

Totalt kjem vi altså litt lågt i resultat på områda «Kjennskap og forventningar» og «Utviklingssamtalane». Dette er difor område vi bør ha fokus på vidare.

# 10. Etter- og vidareutdanning for lærarar

- Kompetanse for kvalitet - vidareutdanning

I skuleåret 2020/2021 er det 8 lærarar som har teke vidareutdanning innanfor Udir si ordning Kompetanse for kvalitet. Faga dei har teke er spesialpedagogikk (3 personar) og matematikk (4 personar), i tillegg til lærarspesialistutdanning i matematikk (1 person).

Totalt var det 18 personar som søkte vidareutdanning. 6 vart avvist av skuleeigar, medan 3 vart avvist av Utdanningsdirektoratet.

Neste skuleår er det 10 lærarar som har fått godkjent søknad om vikarordning gjennom Udir, og som skal ta vidareutdanning i spesialpedagogikk, engelsk, matematikk, norsk og programmering. Det kom inn 17 søknadar, 5 vart avvist av kommunen, 2 av Udir.

- Desentralisert kompetanseutvikling – etterutdanning

Statsforvaltaren fordeler tilskot frå staten til regionane, som regionvis inngår samarbeid med høgskule-/universitet om gjennomføring av etterutdanningstilbod. For vår region er det Sunnmøre Regionråd som koordinerer etterutdanningstilboda i samarbeid med Høgskulen i Volda / NTNU Ålesund. Alle kommunane er med i utarbeidinga av ein plan for satsingsområde, som vert sendt til statsforvaltaren årleg.

1. Programmering
   Fleire lærarar på alle skulane i kommunen har teke eit 40-timars kurs på NTNU/Høgskulen i Volda i programmering og koding.

2. Leiarutvikling
   Skulane har i leiarteam inngått nettverkssamarbeid med andre skular i regionen og hatt fokus på organisasjons- og leiarutvikling. Det er også gjennomført regionale samlingar. Modellen for denne leiarutviklinga vil halde fram og knytast til andre satsingsområde også vidare.

I 2022/2023 skal alle skulane delta i «Fagleg inkludering», som del av den statlege satsinga «Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis».

I 2023/2024 skal alle skulane delta i PfDK – Profesjonsfagleg Digital Kompetanse».

- Kompetanse Norge

Tilbyr vidareutdanning for lærarar som underviser i norsk for vaksne innvandrarar. Inneverande skuleår var det 1 person som tok denne vidareutdanninga.

Den kommunale kompetanseutviklingsplanen som det er vist til i samandraget, skal evaluerast og oppdaterast i løpet av 2022. Vi er litt forseinka i dette arbeidet.

# 11. Spesialundervisning og særskilt språkopplæring

Elevar i kommunale og private grunnskular som får spesialundervisning (i %)

| | 2019 | | 2020 | | 2021 | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | Sykkylven | Landet u/Oslo | Sykkylven | Landet u/Oslo | Sykkylven | Landet u/Oslo |
| **Elevar alle trinn** | 12,4 | 7,8 | 12,8 | 7,8 | 12,4 | 7,9 |
| **1.-4. trinn** | 10,0 | 5,2 | 10,3 | 5,1 | 9,0 | 5,1 |
| **5.-7. trinn** | 12,3 | 9,1 | 13,2 | 9,2 | 13,3 | 9,4 |
| **8.-10. trinn** | 15,6 | 9,8 | 15,5 | 9,7 | 15,2 | 9,9 |

Elevar i kommunale og private grunnskular som får særskilt norskopplæring

| | 2019 | | 2020 | | 2021 | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | Sykkylven | Landet u/Oslo | Sykkylven | Landet u/Oslo | Sykkylven | Landet u/Oslo |
| Prosent | 3,0 | 4,9 | 3,7 | 4,7 | 3,6 | 4,7 |

## Skuleeigar si eigenvurdering

Spesialundervisning

Samanlikna med landet u/Oslo gir Sykkylven mange elevar rett til spesialundervisning. Så er det sjølvsagt eit spørsmål om dette er bra eller ikkje. Ut i frå økonomiske omsyn, kan ein seie at spesialundervisning er kostbart, men samtidig kan det også hindre at vanskar får utvikle seg over tid og kanskje bli meir krevjande både økonomisk, samfunnsmessig og ut i frå menneskelege / individuelle omsyn. Det er viktig at elevane kjenner meistring og at dei møter eit forventningsnivå som er tilpassa deira føresetnader og nivå.

Vi ønsker å nå elevane tidlegast mogleg og vi ser at Sykkylven ligg høgt over landet u/Oslo i å tilby spesialundervisning til 1.-4. trinn. Samtidig er det vanskeleg å oppdage alle elevar sine vanskar så tidleg, så det vil bli fleire som først får slik hjelp noko seinare i skuleløpet. Tidleg innsats gjeld heile skuleløpet. Hjelpa må bli gitt tidlegast mogleg etter at behovet er avdekt, uavhengig av kor langt opp i trinn elevane har kome.

Den statlege satsinga «kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis» skal bidra til at fleire elevar kan få hjelp og tilpassing i klasseromsfellesskapet. Mange elevar opplever det som vanskeleg å måtte forlate dette fellesskapet for å gå til gruppe- eller eineundervisning. Dei mister også ein del læring i det sosiale fellesskapet og heilskapen i det som skjer i klassa forøvrig, av både faglege og sosiale aktivitetar. Samtidig er det viktig at elevar som treng øving på spesifikke område også kan få høve til å få dette i meir skjerma omgjevnadar. Det er også elevar som vil ha behov for skjerming og pausar i løpet av dagen for å roe ned stressnivå og hente seg inn att.

<u>Særskilt norskopplæring</u>

Dette er eit utviklingsområde for skulane i Sykkylven, og vi vil ha fokus på forbetring av rutinar og tilrettelegging for særskilt norskopplæring i alle fag og på alle trinn. I begynnaropplæringa må det leggast til rette for både gruppeundervisning og oppfølging i klasserommet. Elevane bør vere mest mogleg i klassa etter kvart som elevane har oppnådd eit visst språknivå. Alle lærarar på skulen, uansett fag og trinn, er språklærarar.

# 12. Symjekompetanse

Alle skulane tilbyr symjeundervisning/tilvenning i vatn, men litt ulikt fordelt på trinn. Det har vore eit litt krevjande år grunna pandemien og mykje sjukdom blant både elevar og tilsette.

Sørestranda skule er avhengig av buss for å kome til symjehallen på Aure, men nyttar dette tilbodet for 4. og 6. trinn. Ullavik og Vik skular går med elevane sine. Dette er naturleg nok meir tidkrevjande enn for t.d. Aure og SUSK. På Vik har 4. og 5.klasse fått flest symjetimar i år grunna korona og kravet om symjedugleik.

Skulane har så mange timar avsatt tid i symjehallen på Aure kvar veke:

| | |
|---|---|
| Aure: | 6 timar |
| Sørestranda: | 4 timar |
| Ullavik: | 7 timar |
| Vik: | 6 timar |
| SUSK: | 6 timar |

# 13. IKT og digitale ressursar i skulen

I fellesskap blei rektorar og skoleeigar einige om å prøve ut den digitale plattforma Skolestudio for skuleåret 2021/22. I Skolestudio finn ein nye digitale fagrom for nesten alle fag i grunnskulen. Fagromma er inndelt i kapitla som igjen er inndelt i undervisningsøkter. Undervisningsøktene er klare til bruk, men kan også tilpassast av den einskilde lærar. Innføringa av Skolestudio rokkar ved heile organisasjonen og legg opp til nye måtar å jobbe på for alle lærarane i kommunen. Det er helt naturleg at det oppstår motstand i organisasjonen. Kulturen ved den einskilde skule vil vere utslagsgivande for kva som blir ein hensiktsmessig tilnærming på digitaliseringa. Vik skule har vidareført ein kjent metode frå læringsmiljøprosjektet (kollegaobservasjon), nettopp fordi det er ein hensiktsmessig metode for vidareutvikling av profesjonsfellesskap. Dette skuleåret har Vik skule spissa observasjonane mot digital praksis i klasserommet.

# 14. Internkontroll (System for oppfølging)

Kommunelova § 25-1 stiller nye krav til kommunen sin internkontroll, og erstattar opplæringslova sitt krav om «forsvarleg system» etter § 13-10.

**Skulenivå:**

- Skuleeigar sin strategiplan for 2019-2023
- Pedagogisk plattform
- Grunnskulen sine rutinar for å sikre eit godt og trygt skulemiljø for alle
- Samledokumentet "Slik tek vi vare på elevane våre i Sykkylvsskulen" - ei samling av rutinar og planar
- Årshjul og faste rutinar for obligatorisk gjennomføring av e-læringskurs m.a. knytt til kap. 9A på www.veilederen.no for alle tilsette inkludert vikarar. Rektor hentar ut årsrapport med oversikt over kven som har gjennomført opplæring i juni kvart år.
- Felles kommunal mal for aktivitetsplan jf. kap 9A-saker - i Visma Sikker Sak.
- Medarbeidarsamtale einingsleiar / rektor - lærar/assistent/fagarbeidar
- Elevsamtalar kontaktlærar - elev
- Foreldresamtalar/utviklingssamtalar kontaktlærar - elevar og føresette
- Rutineplanar og handlingsplanar vert gjennomgått i personalet minst årleg
- Risk Manager: Avviksmeldingar, dokumentstyring. Tilsette skal ha tilgang til relevant informasjon som lover og forskrifter, styrande dokument, rutiner og dokumentasjon.
- Bruk av felles kommunale malar for vedtak om spesialundervisning, særskilt språkopplæring, fritak frå nasjonale prøver, permisjon ved rektor.
- Tverrfagleg samarbeid med andre kommunale tenesteytarar, t.d. ansvarsgrupper, fagteam, skulevegringsteam, PMTO-team
- Nasjonale prøver, eksamen, standpunktkarakterar, grunnskulepoeng og skulebidragsindikator
- Kartleggingsprøver, m.a. obligatoriske kartleggingsprøver frå Utdanningsdirektoratet og Kartleggeren
- Brukarundersøkingar, t.d. Utdanningsdirektoratet si Elevundersøking, Foreldreundersøking for skule, Lærlingundersøkinga, Lærerundersøkinga, Undersøking for flyktningtenesta/norskundervisninga for vaksne innvandrarar og SFO-undersøking
- Ståstadsanalyse, RefLex (for både lærarar, skuleleiarar og skuleeigarar)
- Interne rutinar og handlingsplanar, dokumentasjon og arkivering
- Drøftingsmøte med organisasjonane
- Aktiv involvering av elevråd
- Møter med FAU/SU
- Kvalitetsgrupper / Mini-AMU (skal ivareta eininge sitt behov for koordinering av kvalitetsarbeidet).

**Leiarnivå:**

- Skuleeigar sin strategiplan for 2019-2023
- Pedagogisk plattform

- Grunnskulen sine rutinar for å sikre eit godt og trygt skulemiljø for alle
- Samledokumentet "Slik tek vi vare på elevane våre i Sykkylvsskulen" - ei samling av rutinar og planar
- Uttrekk av rapportar over gjennomførte obligatoriske e-læringskurs på www.veilederen.no
- Etterspørje og følgje opp rutinar og dokumentasjonskrav ift. kap 9A-saker
- Risk Manager: avvikshandtering, analysering/identifisering av årsak til ev. gjentekne avvik med påfølgjande tiltak for å fjerne årsak til avvik, dokumentstyring og risikovurdering (ROS-analyser)
- Risikovurderingar og arbeid for sikre rutinar ift. GDPR og personvernreglar, samarbeid med personvernombodet gjennom IKA-Sunnmøre
- Årleg gjennomgang av kvalitetsarbeidet som del av rutinane frå Styrings- og kvalitetsutvalet
- Resultatoppfølgingsmøte kommunalsjef / økonomisjef - einingsleiar / rektor
- Medarbeidarsamtaler kommunalsjef - einingsleiar / rektor
- RefLex (for både lærarar, skuleleiarar og skuleeigar)
- Kompetanse - og utviklingsplanar
- Leiarforum - kommuneleiing og einingsleiarar
- Rektormøte - rektorar på kommunale skular, kommunalsjef oppvekst, rådgjevar skule, einingsleiar for Barne- og familietenestene
- Rektornettverk - rektorar på både kommunale skular og friskular, PPT, kommunalsjef oppvekst, rådgjevar skule, einingsleiar for Barne- og familietenestene
- Fellesmøter mellom styrarar og rektorar, rådgjevar barnehage og rådgjevar skule, kommunalsjef
- Drøftingsmøte med organisasjonane
- Kalkulator for lærarnorm
- GSI-rapportering pr. 1.10. kvart år

**Politisk nivå**:

- Skuleeigar sin strategiplan for 2019-2023
- Saksframlegg, både referatsaker og politiske saker for vedtak i levekårsutvalet, formannskap og kommunestyre
- Kvalitets- og utviklingsmelding jf. kommunelova § 25-1.
- Årsrapportering, både skulevis og overordna kommunal årsrapport